

Representanten **Arve Helle** (A) har stilt slikt spørsmål:

### **Ferjesituasjonen på Fedje**

I løpet av sommaren er eg blitt kontakta av folk på Fedje som er misnøgde med regulariteten til den nye ferja. Dette har også vore omtala i media ved fleire høve. Kansellerte avgangar har skapt store problem for m.a pendlarar og næringsliv.

Kva har Skyss/Kringom gjort med saka og kva er status pr no?

#### Fylkessdirektøren:

Ferja «Fedjebjørn» trafikrar ferjesambandet Sævrøy-Fedje. Ny kontrakt tok til å gjelde frå årsskiftet, der Fjord1 er ferjeoperatør. Kontrakten gir operatøren adgang til å bruke reserveferje 100 dagar det første driftsåret, der det ikkje blir gitt sanksjonar for manglende elektrifisering av drifta før 2. halvår 2020. Kontrakten gir med slike retningslinjer adgang til ein «mjuk» oppstart i 2020 då det er tale om ny teknologi. Skyss/Kringom forventar imidlertid at avtalt ruteplan skal bli gjennomført med punktlege ankomstar og avgangar.

Erfaringane første halvår i år viser eit for stort tal kansellerte turar. Årsaka til desse kanselleringane kan tilskrivast därleg vær (storm/sterk vind spesielt ved ankomst Fedje), tåke og tekniske utfordringar for nytt materiell. Skyss/Kringom må akseptere innstilte avgangar der årsak til innstilling er vertihøve der mannskapet vurderer at det ikkje er forsvarleg å gjennomføre ein tur. I ein innkøyningsperiode av nytt materiell er det vidare trøng for mannskap å gjere seg godt kjend med ny ferje. Før mannskapet er godt opplært, kan det også oppstå situasjonar der en vel å innstille ein avgang framføre å gjennomføre denne. Skyss/Kringom har forståing for innstillingar der tryggleik for passasjerar og mannskap står i sentrum.

Det har imidlertid vore eit stort tal avgangar som har vore innstilte på grunn av tekniske utfordringar med det nye ferja, og Skyss/Kringom er samla sett ikkje nøgd med regulariteten i dette sambandet fyrste halvår i år. Fjord1 har blitt sanksjonert for ikkje gjennomførte turar og for därleg presisjon i gjennomføring av ruteproduksjonen. I tillegg til å gjennomføre sanksjonering, har Skyss/Kringom hatt fleire møter med Fjord1 der uønska hendingar er gjennomgått, og tiltaksplanar er drøfta. Skyss/Kringom er tett på denne saka, og har ei klar forventing til at innkøyningsperioden med därleg regularitet er ein tilbakelagt fase.